



HØGSKULEN
I VOLDA

Høgskulen i Volda
AKF: Avdeling for kulturfag

Høgskulelektor/høgskulelærer i kunst og handverk - st. nr. 28/2019

Om stillinga

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for kulturfag, Seksjon for design, kunst og handverk er det ledig eit vikariat i 50 % stilling som høgskulelektor/høgskulelærer i kunst og handverk frå 1.8.2019-31.7.2020, med høve til forlenging.

Kvalifikasjonar

Søkjjarane må ha bachelor/master/hovudfag innan fagområdet kunst og handverk, praktisk-pedagogisk utdanning og undervisningserfaring.

Søkjaren må:

- ha allsidig kunnskap og erfaring innanfor kunst og handverk, særleg innan harde- og plastiske materialar, og digitale verkty.
- ha pedagogisk og didaktisk kompetanse, samt relevant og fersk undervisningserfaring frå skulefaget Kunst og handverk.
- vere interessert i å utvikle og formidle faginnhald og rettleie studentar i utviklingsarbeid.
- vere innovativ og trivast med å tileigne seg ny kunnskap om eit skulefag i stadig fornying.
- ha gode samarbeids- og kommunikasjonsevner.
- ha evne til å ta initiativ og arbeide sjølvstendig.

Søkjaren må ha gode norsk- og engelskkunnskapar, både skriftleg og munnleg. Undervisnings- og administrasjonsspråket ved høgskulen er norsk.

Personlege eigenskapar vil telje ved vurdering av søkjjarane.

Arbeidsfelt

Seksjonen har fått ressursar frå Utdanningsdirektoratet til å by vidareutdanning for lærarar i grunnskulen (KFK). Relevante arbeidsoppgåver for den utlyste stillinga er undervisning og rettleiing i KFK, grunnskulelærarutdanninga og barnehagelærarutdanninga, samt noko undervisning på bachelorutdanninga.

Vi tilbyr

Eit spanande arbeidsmiljø med høve til fagleg og personleg utvikling og gode pensjonsordningar.

Stillinga er løna etter kompetanse og kvalifikasjonar i statens lønsregulativ med normal årsløn i desse stillingskodene ved Høgskulen i Volda: høgskulelektor 1008 frå kr 480 600 - 619 300/ høgskulelærer 1007 frå kr 456 900 - 597 400.

Generell informasjon

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrabakgrunn. Høgskulen praktiserer moderat kjønnskvolter. Vi gjer søkjjarar som oppgir at dei har nedsett funksjonsevne eller hol i CV merksam på at denne opplysinga kan verte brukt til registreringsføremål knytt til regjeringa sin inkluderingsdugnad.

Tilsetjing skjer på dei vilkåra som følgjer av lov om offentlege tenestemenn, regulativ, reglement og instruksar som til ei kvar tid gjeld for stillinga, mellom anna lovfesta innskot i Statens pensjonskasse.

Søkjjarar kan verte kalla inn til intervju og/eller prøveundervisning. Søkjjarar som vert kalla inn til intervju, må ta med originalar av vitnemål og attestar for å dokumentere dei elektronisk innsende vedlegga.

I samsvar med Offentleglovas § 25 kan søkjjar be om å ikkje bli oppført på offentlig søkerliste. Søkjjarar som ønskjer å reservere seg, må under «søknad» hake av for «Er det grunnlag for å bli unntatt offentlighet, jfr. Offentlighetsloven» samt grunnngi søknaden. Høgskulen kan likevel avgjere at namnet på søkjaren skal offentliggjeras. Søkjaren blir varsla dersom ønsket om unntak ikkje blir tatt til følge.

Om søknaden

Søknad og all dokumentasjon skal sendast elektronisk igjennom rekrutteringssystemet Jobbnorge der du registrerer søknaden, vedlegg og informasjon om utdanning og arbeidserfaring. Vi ber også om at du oppgir referansar med kontaktinformasjon. Søknaden skal gi eit fullstendig oversyn over utdanning og tidlegare praksis. Søknader eller vedlegg kan ikkje sendast på e-post eller i vanleg postgang til høgskulen.

Det er søker sitt ansvar å sørge for at alle dokument/filer er lasta opp innan søknadsfristen. Søknaden vert vurdert med den informasjonen som ligg føre elektronisk i Jobbnorge. Vedlegg skal lastast opp som separate filer i eit format som kan leggjast ved elektronisk; PDF, PMG, JPEG, ODF, DOC. Dersom vedlegga samla overstig 30 MB, må dei komprimerast før dei vert lasta opp. Vedlegga skal ha namn som samsvarar med innhaldet i fila.

Følgjande dokument/filer skal leggjast ved den elektroniske søknaden:

- vitnemål og attestar, samla i ei fil
- CV
- master-/hovudfagsoppgåve og eventuelle andre vitenskaplege arbeid

Søknadsfrist: 30. mai 2019

Kontakt

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til leiar for seksjon for Formgiving, kunst og handverk Janne Heggvoll, tlf. 70075262 / 94276996.

Om seksjonen

Seksjon for design, kunst og handverk byr årsstudium og bachelorstudium i kunst og handverk. Seksjonen driv også kunst- og handverksfaglege emne i grunnskule- og barnehagelærarutdanningane, vidareutdanning for lærarar og i praktisk-pedagogisk utdanning.

Om avdelinga

Avdeling for kulturfag tilbyr for tida m.a. bachelorutdanningar i Musikk, Formgiving, kunst og handverk, Idrett og kroppsøving, Friluftsliv og naturguide, Drama og teater, samt vidareutdanningstilbod innan undervisningsretta fag i skuleverket. Avdelinga har om lag 450 heiltidsstudentar.

Om Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda er høgskulen for humaniora og samfunnsvitenskap i Møre og Romsdal. Vi er ein spennande kompetanseorganisasjon i vekst med om lag 4000 studentar og 350 tilsette. Vi gjev undervisning i ei rekkje fagområde, yrkesretta utdanningar og etter- og vidareutdanningar i nært samarbeid med samfunns- og næringsliv. Høgskulen i Volda driv mykje forskning og utviklingsarbeid og satsar på forskaropplæring og kompetanseoppbygging for dei tilsette i samarbeid med universitet i inn- og utland.

Jobbnorge-ID: 170543, Søknadsfrist: Avsluttet